

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.02.2018

Vår ref.: 201101044-56

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kristian Marcussen

22959186/kmar@nve.no

Høyring av søknad om ny straumkabel til Storbritannia og invitasjon til møte

Selskapet NorthConnect KS har søkt om løyve til å byggje ein ny straumkabel mellom Sima i Eidfjord kommune og Peterhead i Skottland. Det er søkt om løyve for å byggje og drive anlegga, og om løyve for å utveksle kraft med andre land.

Straumkabelen vert kalla «NorthConnect» og er planlagt med ein overføringskapasitet på 1400 MW. Olje- og energidepartementet er konsesjonsmyndigheit, men har bedt NVE handsame og vurdere planane. Søknadane er no på høyring, og NVE ynskjer innspel til planane innan **15. april 2018**.

Søknadane med konsekvensutgreiing er tilgjengelege på NVE sine internettsider www.nve.no/kraftledninger.

NorthConnect KS søker om konsesjon i medhald av energilova og havenergilova. Konsekvensutgreiinga er utarbeida i medhald av reglane i plan- og bygningslova kap. 14 med forskrifter, og utgreiingsprogram fastsett av NVE.

NorthConnect KS søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynnte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsle/transport. Samstundes søker NorthConnect KS om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

I samband med NVE si høyring av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga, ønskjer vi innspel på mellom anna følgjande:

- Kva meiner høyringsinstansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere moglege negative verknader av tiltaket.
- Forslag til vilkår for drift av kabelen.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE inviterer til orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter på rådhuset i Eidfjord, tysdag 6. mars kl. 10.00.

Vi håpar på brei deltaking både frå politisk leing og administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker. NVE vil orientere om handsaminga av søknaden og konsekvensutgreinga. NothConnect KS vil vere representert og orientere om planane.

Representantar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen er invitert til dette møtet. NVE ber om tilbakemelding innan to veker på ei eventuell deltaking. Tilbakemelding kan sendast på e-post til sakshandsamar Kristian Marcussen, kmar@nve.no.

NVE held òg følgjande offentlege møter:

- **Måndag 5. mars klokka 11.00 på Clarion Hotel Bergen Airport (Flesland)**
- **Måndag 5. mars klokka 19.00 i kultursalen i Eidfjord.**

Skjema for fråsegner ligg på NVE sine internettsider www.nve.no. Fråsegner kan òg sendast som e-post til nve@nve.no eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner må sendast til NVE **innan 15. april 2018**.

Informasjon til kommunen:

Til kommunen er to eksemplar av søknadane med konsekvensutgreiing vedlagt. Vi ber om at eitt eksemplar blir lagt ut i kommunen til offentlig ettersyn. NVE vil kunngjere høringa, utlegging til offentlig ettersyn og dei offentlege møta i aktuelle aviser. Vedlagt følgjer òg fem oppslag om det offentlege møtet, og vi ber om at kommunen heng opp desse på servicetorg, bibliotek, nærbutikk og liknande. Vi ber vidare kommunen leggje søknadane og informasjon om dei offentlege møta på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Kristian Marcussen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Liste over høyrings- og orienteringsinstansar
Til kommunen: To eksemplar av søknad (og konsekvensutgreiing) og fem plakatar

Mottakerliste:

Eidfjord kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

